

## Søknad

<b>Søknadsnr.</b>	2015-0055	<b>Søknadsår</b>	2015	<b>Arkivsak</b>
<b>Støtteordning</b>	Bredbåndsutbygging - Nasjonal tilskuddsordning			
<b>Prosjektnavn</b>	Utbygging av fiber i Radøy og Austrheim kommunar			

### Kort beskrivelse

Radøy og Austrheim kommunar starta i 2013 eit prosjekt for strategisk utbygging av breiband basert på fiber. Dette resulterte i ei utbygging som vert avslutta no våren 2015, men som det er enkelt å bygge vidare på slik at fleire husstander og bedrifter kan få fiber. Framleis manglar store delar av dei to kommunane gode breibandsløysingar, og derfor ynskjer Radøy og Austrheim kommunar å fortsetje utbygging av fiberbasert breiband til nye bustader og næringsbygg.

### Prosjektbeskrivelse

I Stortingsmelding 23 (2012-2013), Digital agenda for Norge, er statusen at 2/3 deler av norske hushald kan få breiband med minst 25 Mbit/s hastighet, men at berre rundt 13 prosent vel å abonnere på så raskt breiband. Likevel vil truleg stadig fleire, både hushald og bedrifter, ynskje seg høgare hastighet, mellom anna for å kunne sjå TV, nytte filmtjenester gjennom nettbaserte løysingar og for å følgje nettbasert undervisning. For å kunne nytte IP-tv med høg kvalitet må ein ha ei hastighet på minst 10 Mbit/s.

I Radøy og Austrheim kommunar har ein hatt eit tilbod frå ulike leverandørar på breiband med svært vekslande yting i bandbreidde, men for det meste alt for låg ut frå tilrådingane. I følgje "Bredbåndsdekning 2014" utarbeidd av Nexia International for Samferdselsdepartementet har 45 prosent i Radøy og 44 prosent i Austrheim av alle husstandane i kommunen tilgang til ei hastighet på over 10 Mbit/s hastighet. Dette er langt under tala for fylket som heilskap, der dekninga er oppgitt til 100 prosent av husstandane.

Ut frå Stortingsmelding nr. 23 (2012-2013) ser det ut til at ein tek utgangspunkt i at 25 Mbit/s hastighet er det ein bør planleggje digital infrastruktur etter. I følgje "Bredbåndsdekning 2014" ligg Austrheim mellom dei lågaste i fylket i dekninga med berre 2 prosent av husstandane på ei slik hastighet, medan tala for Radøy er 34 prosent. Også dette er i det lågare sjiktet av kommunane i Hordaland fylke, og i fylket totalt er 75 prosent av husstandane dekka. Dekningstala på høghastighetsbreiband vil nok stige i Radøy og Austrheim kommunar gjennom utbygginga som no er i ferd med å verte avslutta, men ei vidare utbygging er naudsynt for å kome opp på fylkessnittet for Hordaland.

Sjølv om Austrheim og Radøy ligg lågt på dekninga av høgare hastigheitar på breiband, ligg tilhøva godt til rette for vidare utbygging. Dette fordi det går fiberkabel gjennom kommunane med etablerte noder som det kan byggast vidare ut frå, primært gjennom ein fortettingsstrategi. I førre anbod var det å kunne nytte bygd infrastruktur vidare eit viktig omgrep. Leveranse til vidare utbygging gjennom etablert infrastruktur i prosjekta som vart starta i 2013 er mogleg for aktuelle tilbydarar i 2015.

Radøy og Austrheim kommunar har gått igjennom kartdata, og vurdert kva for område det vil vere hensiktsmessig å byggje vidare ut. Resultatet av denne gjennomgangen, høyring og politisk handsaming i formannskapet er at det vert søkt om tilskot til utbygging av fiberbasert breiband til følgjande område gjennom ein fortettingsstrategi:

- Radøy: Vidare utbygging/fortetting mellom dei utbygde områda; Manger, Kalneset, Austmarka, Olsvollstranda og Bøvågen (862 bustader og næringsbygg, samt ein skule og barnehage).
  - Austrheim: Vidare fortetting/utbygging i Austrheim-området, Øksnes-Rebnord og Bakkøy og Kilstaumen (573 bustader og næringsbygg).
- I tillegg til dette vil me i anbodsutlysinga leggje inn nokre opsjonsområde for å prøve å få mest mogeleg utbygging for pengane. I forrige utbyggingsrunde hadde Austrheim kommune suksess med å gjere det på denne måten.

Gjennom anbodsgrunnlaget av avtale med utbyggjar vil Austrheim kommune sikre ein plan for berekraftig drift etter at utbygginga er gjennomført. Erfaringane frå første utbyggingsrunde i Radøy og Austrheim viser at dei fleste som får tilbod om fiber takkar ja til det. Det vert lagt til grunn at omlag 70 prosent vel å kople seg på fiber.

Gjennomføring av eit slikt utbyggingsprosjekt føreset følgjande:

- Kommunen stiller personressursar til rådvelde i arbeid med spesifikasjonar, anbodsgrunnlag, gjennomføring av anbod og oppfølgjing av prosessar i utbygginga.
- Kommunen mottek tilskot til utbygginga.
- Tilbydar som tek ein del av kostnadane til utbygginga.
- Tilstrekkeleg tal på kundar.

Ut frå erfaringane sist har Radøy og Austrheim kommunar god gjennomføringsevne, og har no eit godt samarbeid, men begge kommunane er avhengige av tilskot frå den nasjonale ordninga for å kome vidare med utbygginga.

Eit anna aspekt ved utbygging av fiberbasert breiband er at det gjer det mogleg å ta i bruk moderne velferdsteknologi, også i mindre tett bebudde område. Det er i utkantane denne teknologien gjev den beste gevinsten i form av mindre tids- og ressursbruk. Eit vel utbygd fibernett vil såleis kunne gje store innsparinger på pressa tenester som heimehjelp og heimesjukepleie, men vel så viktig er at det opnar for heilt nye tenester me enno ikkje har sett. Moderne velferdsteknologi vil kunne føre til at fleire eldre kan bu lenger heime. I skulen vert det også nytta stadig fleire gode verktøy basert på tilgang til Internett, læringsplattformer og informasjontilfang. Område som får tilgang til fiber vert vinnarar i ei slik utvikling, og det er derfor ynskjeleg at flest mogeleg skal få denne tilgangen.

Det må også understrekast at høghastigheisbreiband er etterspurt at næringslivet i begge kommunane, og det er sterke ynskje om fiberløysingar. Utbygging av fiber vil såleis kunne trygge eksisterande bedrifter si verksemeld og arbeidsplassane der, samt bidra til at Radøy og Austrheim vert meir attraktive lokaliseringsalternativ for nye bedrifter.

Det vart gjennomført ei interessekartlegging og ei kartlegging av betalingsvilje hjå sluttkundane gjennom ei quest back undersøking. Undersøkinga vart gjennomført i begge kommunane, og rapport ligg vedlagt.

## Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Austrheim kommune Org.nr:948350823	Sætremarka 2 5943 AUSTRHEIM	-
Kontakt-person	Frode Hervik	Sætremarka 2 5943 AUSTRHEIM	90565217
Prosjekt-leder	Frode Hervik	Sætremarka 2 5943 AUSTRHEIM	90565217

### Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Både Radøy og Austrheim kommunar fekk i 2013 tilskot til utbygging av fiberbasert breiband frå Hordaland fylkeskommune (1 mill til Radøy og 1,6 mill til Austrheim).

## Spesifikasjon

### Bakgrunn

Bakrunnen for prosjektet er ei svært dårlig dekning i Austrheim og dårlig dekning i Radøy når det gjeld høghastighetsbreiband (jamfør rapporten til Nexia i 2014). Det har vore mange innspel på å gjere noko med dette frå innbyggjarar og næringsdrivande. Mange slit rett og slett med dårlig og ustabilt breiband i dag. Derfor sette Radøy og Austrheim kommunar i gong prosjekt for utbygging av fiberbasert breiband i 2013. Radøy og Austrheim kommunar gjennomfører saman med den valde tilbydaren i første utbyggingsrunde, BKK, eit utbyggingsprosjekt som no er i sluttfasen. 1. runde av utbygginga er bygd på strategien om brufeste som tillet vidare utbygging og fortetting av investeringa.

### Prosjektmål

Hovudmålet er at minst 90 prosent av innbyggjarane og bedriftene i Radøy og Austrheim skal få tilgang til høghastighetsbreiband basert på fiber, samt at alle kommunale einingar også får det.

### Delmål

- \* Ta i bruk velferdsteknologi i det offentlege tenestetilbodet innan pleie og omsorg.
- \* Bidra til auke i innbyggjartalet og tal på bedrifter.

### Forankring

Vidare utbygging av breiband er forankra politisk i begge kommunane. I Radøy og Austrheim kommunar gjennom budsjett for 2015 (kommunestyresak), der det vart sett av midlar til dette, samt gjennom dialog med formannskapa. I Austrheim kommune er rammene for søknaden handsama og vedteke av formannskapet.

### Prosjektorganisering

Radøy og Austrheim kommunar ser oppdraget eigna løyst gjennom ei prosjektgruppe beståande av :

- Frode Hervik (prosjektleiar)
- Harald Stanghelle (assisterande prosjektleiar)
- Hilde Hardang
- Rolf Raknes

### Samarbeidspartnere

Samarbeidspartar vert avklart i anbod om utbygging av fibernetverket. Anbodsgrunnlaget vert

utarbeidd slik at framdrift i prosjektet vert skildra i anbodsokumentasjonen.

### Aktiviteter

Utbygging av fiberbasert høghastighetsbreiband.

### Målgrupper

Innbyggjarar, bedrifter og offentlege einingar som vil få tilgang til fibernettverk. Dette inkluderer også eldre som gjennom bruk av velferdsteknologi kan få betre tenester og større tryggleik.

### Resultat

Over 90 prosent av innbyggjarane vil få tilgang til høghastighetsbreiband basert på fiber.

### Effekter

- \* Auka verdiskaping i næringslivet og gjere Radøy og Austrheim meir attraktiv for lokalisering av bedrifter.
- \* Folketalsauke ved å gjere Austrheim meir attraktiv som stad å bu.
- \* Betre og meir effektive tenester i pleie og omsog gjennom bruk av moderne omsorgsteknologi.

## Tids- og kostnadsplan

### Tidsplan

- \* Utarbeiding av høyringsdokument (mars 2015)
- \* Høyring (april 2015)
- \* Interessekartlegging - quest back undersøking (april 2015)
- \* Formannskapshandsaming - rammene for søknad (mai 2015)
- \* Utarbeiding av søknad (mai 2015)
- \* Utarbeiding av andbodsgrunnlag og utlysing på Doffin (haust 2015)
- \* Val av tilbod og kontraktinngåing (desember 2015)
- \* Utbygging (2016)

### Kostnadsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
01.Personalkost	100 000				100 000	
02.Innkjøpte tjenester					0	
03.Ustyr					0	
04.Andre kostnader	20 088 000				20 088 000	
<b>Sum kostnad</b>	<b>20 188 000</b>				<b>20 188 000</b>	

### Finansieringsplan

Tittel	2015	2016	2017	2018	2019	SUM
01.Egenfinansiering	1 550 000				1 550 000	
02.Annen offentlig finansiering					0	
03.Privat finansiering	10 638 000				10 638 000	
04.Bredbåndsutbygging - Nasjonal tilskuddsordning	8 000 000				8 000 000	
<b>Sum finansiering</b>	<b>20 188 000</b>				<b>20 188 000</b>	

## Geografi

1260-Radøy, 1264-Austrheim

### Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato
HO_30Mbits_Austrheim_14.pdf	3 594 274	13.05.2015
HO_30Mbits_Radøy_13 (2).pdf	790 167	13.05.2015
HO_4Mbits_Austrheim_14 (3).pdf	3 403 221	13.05.2015
HO_4Mbits_Radøy_13 (2).pdf	758 756	13.05.2015
Kart Radøy 20150515123822.pdf	3 314 015	15.05.2015
Kart_Felt_Lerøy_Hopland_Solend_Littlelindås_V2.pdf	1 235 655	12.05.2015
Kart_Felt_Rebnor_Øksnes_Opsjon_Dyrnes.pdf	757 280	12.05.2015
Kart_Felt_Utkilen_Synnevåg_Monslaup_Bakka.pdf	1 135 385	12.05.2015
QB - AUstrheim breiband - sammendragsdata.pdf	41 480	15.05.2015
Questback Radøy breiband - samandragsdata.pdf	42 036	15.05.2015
Skjema for tilleggsinformasjon - breibandssøknad Radøy - Austrheim.docx	669 932	12.05.2015